

STYREMØTE ØVHK 31.05.2011

Møtte: Per Johan Gamlem, Petter Sverre Korsedal, Ingrid Hesjadalen, Sølvi Mo, Linn Wangen Mork, Hildegunn Midtbø Bondhus, Else Marie Ressem og Vibecke Carlsson.

1 Stemnet :

Ringpersonell:

Kvelperingen: Hege Lystad har svart ja på å jobbe i kvalperingen. Ingrid vil spør Hanne Grete om ho også kan.

Lp-ringen: Rune Fet kan vere ringpersonell, Karina Marinsen eller Monika Martinsen kan kanskje vere.

Ag-ringen: Frode og Frode kan vere ringpersonell. Høyre med Kåre om han kan vere ringsekretær og speaker. Leige av barnehagen er ok. Leige vart ikkje betalt i 2010, så barnehagen sender ut giro for 2010 og 2011. Bana må sjekkast opp med fotballgruppa, Petter skal gjere det. Per Johan stiller som tidtaker. Vi må spørre Marit og ev. Eldar. Petter og Celine kan mest truleg hjelpe i ag-ringen.

Kirsti kjem med border og stoler.

Hildegunn har kjøpt inn nytt agilityutstyr som er i henhold til reglande : Slalåm (kjøpte bøylar til denne som er kjekke å ha for nyinnlæring) , vippe, hjul, lengdehopp, pølse , dette har vi mottatt, har også bestilt en tunnel og bord, dette kjem ettersendt på grunn av lengre bestillingstid.

Hildegunn er stemneleder. Plass sjef er Per Johan. I Kiosken skal Arnfinn, Ingunn, Linn og Renate stå. Sølvi skal handle inn alt på forhånd. Ingrid er dommar på barn og hund. Vi må gå gjennom alle sløyfene. Vi må ordne ut med Nkk vedr. påmelding/kritikkskjema. Vi bør snart legge ut påmelding om stemnet, Linn sjekker det ein av dagane. Vi har frist tre veker før stemnet(13.august), med utvida frist fjorten dager før(20. august). Vi tar 60,- ekstra pr. påmelding. Ordinær pris agility/lp/(agility og ag-hopp) 350,-. Lp og agility: 440,-, dvs vi følger nkk sine priser. Agility lag: 200,-. Kvelp: 200,-, barn og hund 50,-.

2. Vi skulle hatt ei helg med ag-trening, rydding og litt dugnad mm. Vi har dugnad klokka 1900 den 7. juni etter trening. Ta med hageutsyr.

Klubben har bestemt å selge noko ag-utstyr. Linn legg ut på heimesida.

Pris: Hjul: 800,-, Vippe: 1500,-, Pølse: 200,-, Lengdehopp: Gratis, Gamle slalom: 200,-. Om fleire interesserte, avgjort ved trekning.

3. Sommaravslutning: 21. juni er datoen. Ingrid lagar program. Kvar enkelt tek med den maten/grillmaten ein vil ha, så ordnar klubben med gassgrill. Ta med bålpanne dei som har.

4. Regnskapen: Else Marie har laga ein oversikt over regnskapen til no i år. Den ser veldig bra ut.

5. Eventuellt:

Ny fane: Vi må ha ei lettare ei. Arnfinn kan lage ei ny ramme av aliminium. Vi bør tenke på det til neste år. Vi bør sende logo til eit trykkeri å få den trykka på nylon stoff.

Fesseshundetreningsida på Facebook er ikkje arrangert under Øvhk, men ei treningsorientering for dei som vil. Ingrid sjekker ut om det går an å ha ei stengd side for informasjon uten å kunne legge inn kommentarer.

Hærøy ynskjer å lage ein hundeklubb. Er vi interessert i å ha ei underavdeling? Førebels har vi svart at dei må ta kontakt med NKK for informasjon vedr. Oppstart av hundeklubb. Per i dag er ØVHK ikkje interessert i ei underavdeling.